



Hans Reidar Kjærland har grunn til å vera stolt over simmental-kuene sine. Delegasjonen frå Sørlandet og Danmark står oppe til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Simmental-rasen, som opprinneleg kjem frå dalen Simme i Berner Oberland i Sveits, har suksess også i Kvinnherads dalar. Hans Reidar Kjærland i Uskedalen og Hans Ølver Sandvik i Omvikdalen kan syne fram to av dei finaste simmentalbesetningar som er å finna på dei rundt 500 bruka i landet som til no har prøvd denne rasen.

Standarden vart ikkje minst stadfesta under Seljord-dyrskun sist haust der Kjærland hadde ei av dei beste kyrne av over 80 kyr og fekk første premie. Uskedelingen er også styremedlem i Norsk Simmentalforening.

Denne helga har ei gruppe med Simmental-bønder frå kommunane Marnardal og Lindesnes på Sørlandet og Danmark vore på ekskursjon hos Kjærland og Sandvik. Dei fekk denne attesta frå Hans Jørgen Snerling etterpå:- Vi har sett mange flotte dyr i eit flott Vestlandslandskap. Dei to kvinnheringane driv på samme måten som oss – dei held seg også til mjølkeline - og vi har dei samme problem å slita med. Det er verdfullt å møtast og utveksla erfaringar.

Orda kom ikkje frå kven som helst, for Snerling (som er frå Mors i Danmark) var nummer to som førte inn Simmental til Norge, for nøyaktig 30 år sidan. Han kom med to kyr frå Austerrike via Danmark. Godseigar Mathiesen på Eidsvoll Verk var nummer ein med Simmental her i landet.

- No har eg 70 prosent Simmental og målet er ei reinrasa besetning. Eg satsar på rasen fordi den samanlikna med NRF-kua gjev meir kjøtt, like mykje mjølk og meir protein i mjølka, sa Sandvik til Uskedalen.no og Kjærland var heilt samd i grunngevinga for satsinga. Men dei to la ikkje skjul på at dei og dei andre "simmentalarane" ikkje kjenner seg elska av GENO.

- Dei ser på oss som svikarar i et miljø der samyrke er noko heilag. Avlssjefen i GENO gjekk så langt som til å sjikanera rasen under eit møte i Uskedalen, fortel Kjærland.

Simmental er etterkvart utbreidd over heile landet - og over heile verda. Talet på Simmental-dyr skal no vera oppe i 40 millionar. Berre i Tyskland og Austerrike er det ein million dyr.

Kjenneteiknet på rasa er dei kvite hovudene på ein raud kropp. Opprinneleg har dyra horn, men dei kollete linene gjer seg etterkvart sterkare gjeldande. Typisk for simmentalkua er ellers det gode lynnet – dette er rolige dyr som det er triveleg å stelle.

Simmentalkua blir stor: Ei ku som Kjærland selde som kvige kom opp i ei slaktevekt på 462 kilo. Det er nesten dobbelt så mykje som ei NRF-ku. Og på saftige grasganger hos Sandvik går oksen Embrosius, som truleg nærmar seg 1200 kilo levande vekt. Men sjølv om dette har vore ein utprega kjøttrase, har den gjort store framsteg som mjølkeprodusent i de seinare år, så store at den altså kan måle seg med NRF i avdrått.

Av Ola Matti Mathisen



Dyre-trivnad på Øvre Sandvik: Hans Ølver, Grethe og Jorunn saman med mellom andre kjempeoksen Embrosius. (Foto: Ola Matti Mathisen)